



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
23/8498-2

Dykkar referanse:
23/25 – 23/3420

Vår dato:
16.02.2023

Uttale til søknad om deling – gbnr 213/55 Eikanger nedre – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 13.01.2023. Saka gjeld søknad om deling til uttale – gnr. 213 bnr. 55 Eikanger nedre. Saka vart oversendt Statens vegvesen den 13.01.2023 med 4 vekers uttalefrist. Vi seier oss leie for at denne uttala i saka kjem etter fristen er gått ut. Det skuldast stor saksmengd hjå oss.

Det vert søkt om deling av tomta gnr. 213 bnr. 55 i to deler. Den delen som vert søkt frådelt vert om lag 1057m² og skal nyttast til bustad. Eigedomen vart oppretta i 2004.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF spreidd bustad formål (LSB 16) i kommunedelplan for Lindås(KDP). Innanfor dette området kan det byggjast 6 nye bustadar i planperioden. I føresegna til KDP punkt 3.4.2 står det at det ikkje kan byggjast på samanhengande skogsområde av høg bonitet.

Ein liten del av omsøkt parsell er omfatta av bandleggingszone (H710_10) for ny E39 .

Til denne saka uttaler Statens vegvesen seg som vegmynde på riksveg.

Uttale

Framlegg til kommunedelplan for ny E39 i Alver vart oversendt kommunen for handsaming hausten 2022. Statens vegvesen har anbefalt alternativ F3-V3-M2-A2. Fram til saka er handsama vil fleire alternativ kunne vere aktuelle.

Det er berre alternativ M4 som eventuelt vil slå inn med gul støysone på omsøkte bustadtomt. Uavhengig av kva alternativ som vert valt kan Statens vegvesen ikkje sjå at frådelinga til bustadtomt vere i konflikt med våre interesser. Det er opplyst at eigedomen har tilkomst via kommunal veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi legg til grunn at tilhøve knytt til eventuell støy vert ivaretatt av Alver kommune. Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknadar til søknaden om frådelling.

Transportforvaltning
Med helsing

Kjell Erik Myre
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.